



DET KONGELIGE  
FINANSDEPARTEMENT

## Rundskriv R

---

Nr.  
R-8/2014

Vår ref  
14/4169

Dato  
12.09.2014

### **Statsbudsjettet 2014. Tilleggsøyvingar i haustsesjonen - ny saldering**

Finansdepartementet skal leggje fram for Regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsøyvingar hausten 2014. Finansdepartementet ber derfor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsøyvingar for 2014 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld også saker om overskriding av mindre omfang og som i tråd med løvingsreglementet kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon.

Finansdepartementet gjer også merksam på at det kan vere naudsynt å sette ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 15. oktober 2014. Forslaga skal fordelast på kapittel og postar med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1 000 kroner:

- Rekneskap 2013
- Saldert budsjett 2014 + tilleggsøyvingar hittil i år
- Tilleggsforslag 2014

I hovudbudsjettskrivet for 2015 blei departementa bedne om å sende inn forslag for tilleggsøyvingar i andre halvår 2014 innan 28. juli 2014. For at forslaga skal bli behandla, må departementa sende inn konkrete forslag nå. Det er ikkje nok å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at Regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsøyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som vart godtekne. Fristen for å leggje fram slike forslag er 21. november 2014. Utkast til proposisjonen skal leverast Finansdepartementet for kontroll innan 17. november 2014.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2014 vil etter planen bli fremja i statsråd 28. november 2014.

Med helsing

Colin Forthun  
avdelingsdirektør

Richard Gjertsen  
fagsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke håndskrevne signaturer*